

## Mal for høyringsinnspel

Sak	<b>Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi</b>
Høyringsinstans (svarar)	Utdanningsforbundet ved HSH og HiB
Prosess	
<b>Innspel</b>	
<b>Kap 3</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov -
<b>Kap 4</b>	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov -
<b>Kap 5</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Innspel:</p> <p>For Utdanningsforbundet sine medlemmer er det svært viktig at deler av punktet om «Prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkøyring ved utdanningane ved HVL» (kap. 5, s 18) vert endra.</p> <p>Me ynskjer følgande endringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-frå «Utdanningsløp skal samkøyrast på tvers av campusar» til «Utdanningsløp kan samkøyrast på tvers av campusar dersom dette gjev tilsette og studentar større fagleg utbyte og er i samsvar med faga sin eigenart»</li> <li>- «Utdanningane er av eit omfang som er fagleg og økonomisk berekraftig»: Denne formuleringa er utydeleg med tanke på bruken av «fagleg berekraftig». Kva må vera stort nok til å vera berekraftig og korleis tenker ein å måla om noko er fagleg berekraftig? I tillegg ynskjer UDF at fokuset på «økonomisk berekraftig» vert fjerna for å minska fokuset på at den faglege profilen og strategien vert styrt av marknadskrefter og ikkje av faglege omsyn.</li> </ul> <p>Elles støttar UDF framlegget om å opprette ei arbeidsgruppe for operasjonalisering av desse prinsippa, men understreker at eit slikt arbeid må involvera tillitsvalde og tilsette/studentar frå start, og at ein ikkje må operera med for korte fristar for innspel/medverknad. I tillegg må der vera ein open demokratisk prosess når det gjeld kven som blir valt ut til arbeidsgruppa.</p>
<b>Kap 6</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Det er viktig for Utdanningsforbundet ved HSH at universitetsambisjonen ikkje går utover kvaliteten på bachelor- og masterutdanningane. Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er difor om det skal tilførast friske ressursar til arbeidet med universitetsambisjonen eller om dette arbeidet skal finansierast gjennom å trekka ut ressursane frå grunnutdanningane.</p> <p>Når det kjem til tilsette si mogelegheit og trong for kompetanseheving, så er dette omtala med ei setning. Dersom HVL skal kunne leve opp til dei strategiske måla og satsingane er ein heilt avhengig av tilsette sin kompetanse. Det bør etter Utdanningsforbundet sitt syn være eit eige avsnitt og ein utarbeidast ein konkret strategi knytt til tilsette og kompetansehevingstiltak.</p>

<p><b>Andre merknader</b></p>	<p>I rapporten vert det løfta fram at det er avgjerande med ei god og brei forankring i institusjonen. Vi stiller spørsmål ved om det i det heile er mogeleg å innfri dette gitt dei korte fristane og alle høyringane som kjem på same tid, og på toppen av ein travel kvardag for dei tilsette. Dette må ein ha med seg i det vidare arbeidet.</p> <p>Utdanningsforbundet synes elles det er eit dokument som gir eit greitt grunnlag for å gje høyringssvar. Generelt er det mykje bra, men det er og nokre område som burde vært løfta meir fram. Profesjonsutdanningane og profesjonsperspektivet er eit område som er for lite synleg. Det går klårt fram av fusjonsplattforma at dette er eit kjerneområde og difor bør det konkretiserast og tydeliggjerast meir, både når det gjeld regionrolla, utdanning, samarbeid og forskning. Eit anna litt usynleg område er profesjonsutdanningane og samarbeid med praksisfeltet. Dette er eit svært viktig område som vi er avhengige av eit tett samarbeid med for å få best mogeleg kvalitet i utdanningane på HVL. Her bør det formulerast noko som viser at HVL har en strategi på og ynskje om å satse på eit enno betre praksissamarbeid.</p> <p>Ein snakkar om å ta utgangspunkt i og byggje vidare på vestlandsidentiteten, vestlandsk kultur, næring og tradisjonar utan å tydeleggjere dette. Kva dette inneber må konkretiserast slik at ein kjenner dette att i strategi, profil og fagleg plattform.</p> <p>Når det gjeld omtale av profilområde er vi usikre på kva som ligg til grunn for dei områda som er løfta fram. Tilbakemeldingar frå medlemmer går på at det er områder som er sterke både nasjonalt og internasjonalt, men som likevel ikkje er løfta fram, og ein undrar seg på kvifor. Ein bør difor i neste runde kvalitetssikre at relevante område kjem med i oversikta.</p>